

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
2009/00934 KU/KU3 IE:amb

Dato
11.02.2010

Statsbudsjettet 2010 – tildelingsbrev til Språkrådet

Dette brevet er disponert i følgjande tre delar:

- Del I Tildeling av budsjetttrammer
- Del II Målsettingar, utfordringar og satsingsområde
- Del III Økonomiforvaltning, risikostyring og internkontroll, rapportering

Vedlagt dette brevet er:

- Budsjettfullmakter for 2010 (vedlegg 1)
- Krav til årsrapporten for 2010 (vedlegg 2)

DEL I TILDELING AV BUDSJETTRAMMER

1. BUDSJETTRAMMER FOR 2010

1.1 Språkrådets budsjetttrammer for 2010

Stortinget vedtok 15. desember 2009 Kulturdepartementet sitt budsjett for 2010.

Departementet stiller med dette følgjande budsjetttrammer til rådvelde for Språkrådet for budsjettåret 2010:

Utgifter

Kap. 326 post 01 Driftsutgifter	kr 27 576 000
Kap. 326 post 21 Spesielle driftsutgifter	kr 915 000

Ramma under post 01 inkluderer midlar til å dekkja meirutgifter i samband med lønnsoppgjeret i 2009 og til arbeidsgjevaravgift.

I tillegg til verksemda i Språkrådet skal tildelinga under post 01 også dekkja driftsutgiftene til den delen av stadnamntenesta under Statens namnekonsulentar som Språkrådet har det administrative ansvaret for. Vi minner om at lønnsutgiftene til dei faste stillingane som stadnamnsekretærar skal spesifiserast særskilt i budsjettsøknadene.

Ramma under post 21 skal dekkja dei utgiftene Språkrådet har til nordiske samarbeidstiltak. Tildelinga under denne posten kan overskridast med inntil den same summen som Språkrådet eventuelt får i meirinntekter under kap. 3326 post 02, jf. nedanfor.

Inntekter

Kap. 3326 post 01 Ymse inntekter	kr	220 000
Kap. 3326 post 02 Inntekter ved oppdrag	kr	915 000

Ramma under post 01 gjeld budsjetterte inntekter Språkrådet får i hovudsak i samband med sal av publikasjonar, royalty og bidrag frå andre til å dekkja utgifter til samarbeidsprosjekt som konferansar, seminar og liknande.

Ramma under post 02 gjeld budsjetterte inntekter Språkrådet får i samband med refusjon av utgifter til nordiske samarbeidstiltak, jf. omtale ovanfor om tildelinga under kap. 326 post 21.

Det er ein føresetnad for den tildelte budsjettramma at Språkrådet følgjer opp dei mål og prioriteringar som det er gjort greie for under del II nedanfor. Direktøren har ansvar for at dette skjer.

1.2 Stillingar/årsverk

Språkrådet kan sjølv oppretta og inndra stillingar på visse vilkår. Det kan likevel ikkje opprettast fleire tilsetjingsforhold enn at verksemda har budsjettdekning for lønnskostnader mv. innanfor den tildelte budsjettramma for 2010 under post 01 og det ein realistisk kan venta at driftsbudsjettet vil bli i dei komande åra.

Ved disponering av stillingar må det setjast av nødvendige ressursar til å følgja opp dei mål og resultatkrav som er lagde til grunn for 2010.

Det må heile tida haldast kontroll med bemanninga, slik at ein til kvar tid har oversikt over talet på årsverk. Når ein reknar talet på årsverk, må alle tilsetjingsforhold takast med, dvs. fast tilsette, vikarar, engasjerte, mellombels tilsette mv.

Språkrådet skal i dei årlege budsjettframlegga gje ein omtale av auke eller reduksjon i talet på årsverk. Orientering om korleis denne omtalen skal vera, blir gjeven i det årlege budsjetttrundskrivet frå Kulturdepartementet.

Nærmare reglar om tilsetjing av personale, om oppretting og inndraging av stillingar og om lønsfastsetjing går fram av Vedlegg 1 Budsjettfullmakter for 2010.

1.3 Spesielle føresetnader for disponeringa av den tildelte budsjetttramma

1.3.1 Utvida aktivitet – oppfølging av språkmeldinga

Ein grunnleggjande føresetnad er at Språkrådet innrettar verksemda si i samsvar med den nye språkpolitikken som er skissert i St.meld. nr. 35 (2008–2009) *Mål og mening – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, jf. også Innst. S. nr. 184 (2008–2009). Når det gjeld oppfølging av konkrete tiltak innanfor ramma av eksisterande ansvars- og ressursrammer, viser vi til generell omtale under Del II pkt. 2 nedanfor.

Språkmeldinga legg i tillegg opp til ei utviding og styrking av det som i dag er arbeids- og ansvarsområdet til Språkrådet. For å følgja opp dette vart driftsbudsjettet for 2009 styrkt med 3 mill. kroner utover lønns- og prisomrekning. I budsjettet for 2010 er det lagt inn ei tilsvarende styrking på ytterlegare 2 mill. kroner. Denne auken er inkludert i den budsjetttramma som er stilt til rådvelde under kap. 326 post 01, jf. pkt. 1.1 ovanfor.

Som nemnt i budsjettproposisjonen s. 124 foreslår språkmeldinga å styrkja Språkrådet langs tre aksar.

For det første skal Språkrådet vareta funksjonen som nasjonalt samordningsorgan for utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi.

For det andre er det ein føresetnad for den nye sektorovergripande språkpolitikken som er skissert i meldinga, at Språkrådet skal kunna engasjera seg aktivt i eit koordinerande og initierande språkstyrkingsarbeid over eit breitt felt.

For det tredje er det lagt opp til å utvida arbeidsområdet til Språkrådet ved å gje institusjonen eit språkpolitisk ansvar også for andre språk enn norsk.

Av det førre tildelingsbrevet går det fram at det var dei to første punkta som skulle prioriterast i 2009. I samsvar med det som er lagt til grunn i den siste budsjettproposisjonen s. 125, er det føresetnaden at auken for 2010 også skal gje rom for å etablera nærmare definerte aktivitetar overfor andre språk enn norsk. Omgrepet "andre språk enn norsk" slik det er nytta i språkmeldinga, omfattar samisk, språka til nasjonale minoritetar, norsk teiknspråk og alle dei nyare innvandrarspråka, jf. kap. 3.5.3.

Vi har notert oss at det i budsjettsøknaden for 2010 er gjort framlegg om å oppretta to rådgjevarstillingar for andre språk enn norsk, den eine øyremerkt til teiknspråk. I

språkmeldinga heiter det at departementet vil setja ned ei hurtigarbeidande ekspertgruppe med mandat å leggja fram eit konkret forslag til korleis Språkrådet sitt ansvar for andre språk enn norsk kan konkretiserast og avgrensast. Departementet reknar med å koma tilbake til dette om ikkje lenge. Språkrådet må difor venta med å utlysa nye stillingar m.m. innanfor dette feltet til det er gjeve klarsignal til dette frå departementet.

1.3.2 Anna fagleg oppfølging

Målbruksmeldinga frå 2005

Vi ber Språkrådet så snart dette tildelingsbrevet er motteke, gjera ein særskild gjennomgang av arbeidet med å følgja opp lov om målbruk i offentleg teneste for å forsikra seg om at denne aktiviteten gjennom samordna innsats frå tilsyns- og språktenesta blir gjeven tilstrekkeleg høg prioritet basert på dei tiltak og ambisjonar som det er vist til i det særskilde oppdragbrevet frå departementet datert 24. april 2006.

Etatsstyringsmøtet i 2009

Vi ber Språkrådet gå gjennom tidlegare tilsendt referat frå etatsstyringsmøtet 22. oktober 2009 og forsikra seg om at det skjer ei nødvendig oppfølging av dei spørsmåla som vart drøfta.

1.3.3 Andre særskilde oppfølgingspunkt

Systematiske brukarundersøkingar

Statlege verksemder med ansvar for publikumsretta tenester skal vidareutvikla tenestene, m.a. med sikte på å betra utforminga og kvaliteten på tenestene, gjera dei meir tilgjengelege og sikra medverknad frå brukarane.

Integrering og inkludering

Departementet minner om at statlege verksemder skal utarbeida mål og planar for å auka rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Dette må arbeidast vidare med dette. Vi ber om status for dette arbeidet i årsrapporten.

Det må også leggjast betre til rette for å rekruttera personar med redusert funksjonsevne og for at eldre arbeidstakarar skal bli ståande lenger i arbeid.

Utarbeiding av varslingsrutinar

I arbeidsmiljølova er det fastsett at arbeidsgjevar som ledd i arbeidet med helse, miljø og tryggleik skal utarbeida interne rutinar for varsling av kritikkverdige forhold i verksemda, jf. arbeidsmiljølova §§ 2-4, 2-5 og 3-6. Departementet føreset at Språkrådet utarbeider slike rutinar. For nærmare informasjon viser vi til rettleiaren "Varsling om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen", fastsett av det tidlegare Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID). Rettleiinga kan hentast ned frå Arbeidsdepartementet si heimeside på regjeringa.no. Det må i årsrapporten for 2010 gjerast greie for korleis arbeidet med varslingsrutinar er følgt opp, jf. vedlagde dokument med krav til årsrapporten for 2010.

Ikt-arkitektur

For å sikra betre heilskap og samordning har regjeringa fastsett følgjande:

- a) Statlege verksemder skal legge sju felles "arkitekturprinsipp" til grunn for utvikling av nye ikt-løysingar. Prinsippa gjeld både ved utvikling av nye ikt-system og ved vesentleg endring av eksisterande system. Nærmare omtale av prinsippa finst på heimsida til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), som forvaltar prinsippa.
- b) Statlige verksemder skal ta i bruk felles elektronisk ID når det blir lagt nye e-tenester ut på nettet. Vidare skal felles elektronisk signatur takast i bruk når dette ligg føre frå 2010. Det blir også lagt opp til at eigne elektroniske ID-løysingar som verksemdene bruker på eksisterande tenester, skal fasast ut og erstattast av den felles infrastrukturen som er utvikla av Difi. Verksemder som framleis ønskjer å bruka eigne elektroniske ID-løysingar, må grunngje dette.
- c) Statlige verksemder skal bruke Altinn når dei utviklar og gjer elektroniske tenester tilgjengelege. I dei tilfelle ein vel å ikkje bruka Altinn til tenester retta mot næringsliv og publikum, må dette grunngjevast.

For nærmare informasjon viser vi til det tidlegare utsende rundskrivet P 4/2009 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet om betre planlegging og samordning av ikt-relaterte investeringar i staten.

Det må i årsrapporten for 2010 rapporterast om oppfølginga av punkta ovanfor, jf. vedlagde Krav til årsrapporten for 2010."

1.3.4 Generell administrativ oppfølging

Departementet minner om følgjande:

- Statlege verksemder er i likestillingslova § 1a pålagde å arbeida aktivt for å fremja likestilling. Det er ein føresetnad at institusjonen følgjer opp dette, jf. vedlegg 2.
- Arbeidet med å følgja opp Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar skal vidareførast både når det gjeld statlege innkjøp og miljøleing, jf. *Handlingsplan 2007-2010 T-167B Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser*, rettleiaren *T-1426 Miljøledelse i staten* og www.gronnstat.no, jf. vedlegg 2.
- Regjeringa har som mål å få ned sjukefråværet. Tilhøva må leggjast slik til rette at institusjonen medverkar til dette.
- Tilhøva skal leggjast til rette for at alle brukargrupper skal koma lettare til, uavhengig av funksjonsevne og alder, jf. nærmare omtale på <http://www.universell-utforming.miljo.no/>.

- Statlege verksemdar skal også leggja til rette for utvikling av elektroniske tenester retta mot innbyggjarar og næringsliv, jf. nærmare informasjon på www.dep.no/mod/norsk/tema/ITpolitikk/bn.html.

1.4 Plan for disponering av tildelt løyving for 2010

For å nå dei måla som er fastsette i dette tildelingsbrevet, jf. del II nedanfor, er det ein føresetnad at Språkrådet utarbeider ein plan for disponeringa av den tildelte budsjetttramma. Slik disposisjonsplan skal innehalda alle utgifter som vil koma på gjennom budsjettåret, jf. det årlege budsjetttrundskrivet frå departementet. Fordeling av løyvinga for 2010 skal innarbeidast i det elektroniske reknearket som skal sendast inn saman med budsjettsøknaden for 2011 innan 1. mars 2010.

Utgiftene til det planlagde aktivitetsnivået, inkludert nye tiltak ein vil setja i gang i 2010, må heilt ut dekkjast innanfor den tildelte budsjetttramma. I disposisjonsplanen må det derfor innarbeidast dekning for alle utgifter som vil koma på i budsjettåret som ein konsekvens av dei aktivitetane som ein har planlagt for 2010.

Auka utgifter som kjem av prisstiging gjennom året, må heilt ut dekkjast innanfor den tildelte budsjetttramma.

DEL II MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE

1. SPRÅKPOLITISKE HOVUDMÅL

1.1 Innhaldet i språkpolitikken

1.1.1 Det overordna språkpolitiske målet

Hovudmåla for kulturpolitikken går fram av budsjettproposisjonen for 2010. Under kap. 326 Språk-, litteratur- og kulturformål s. 123 er det lista opp fem mål for 2010. Det eine av desse er

- å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg.

Dette er det overordna hovudmålet for den nye, strategiske språkpolitikken som Stortinget no også har slutta seg til gjennom behandling av språkmeldinga frå regjeringa i april 2009, jf. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, jf. Innst. S. nr. 184 (2008–2009).

1.1.2 Utfyllande mål og innhald i den heilskaplege språkpolitikken

I språkmeldinga er det lagt til grunn at det overordna målet om styrking av norsk språk må skje innanfor ramma av ein heilskapleg språkpolitikk som også femner om den totale språksituasjonen i landet. Dette omfattar fire tematiske mål. For det første er det målet om større reell likestilling mellom bokmål og nynorsk, som også kan sjåast som ein innebygd del av målet om styrking av norsk språk generelt. Dei tre resterande

hovudmåla er å vareta det gamle og nye fleirspråklege mangfaldet, den nordiske språkfelleskapen og det framandspråklege kompetansebehovet.

Alt i alt inneber dette at innhaldet i språkpolitikken kan summerast opp gjennom dei fem ulike perspektiva som er nærmare omtalte innleiingsvis i meldinga under kap.

1.1.3, dvs.:

- det overordna perspektivet – å styrkja norsk språk, jf. kap. 1.1.3.1
- det norskspråklege mangfalds- og jamstillingsperspektivet, jf. kap. 1.1.3.2
- det mangespråklege og fleirspråklege perspektivet, jf. kap. 1.1.3.3
- det nordiske perspektivet, jf. kap. 1.1.3.4, og
- det framandspråklege perspektivet, jf. kap. 1.1.3.5.

Vi viser dessutan til dei tre språkpolitiske innfallsvinklane som er nærmare omtalte under kap. 1.1.5, dvs.:

- språkopplæring og språklege rettar, jf. kap. 1.1.5
- språkstyrking, jf. kap. 1.1.5.2, som gjeld språkets status
- språkdyrking, jf. kap. 1.1.5.3, som gjeld språkets korpus

Desse innfallsvinklane har å gjera med ulike innretningar av det språkpolitiske arbeidet. Den første rettar seg mot språkbrukarane og deira situasjon, den andre mot språkets status og bruk i samfunnet, og den tredje direkte mot sjølve språkssystemet.

Slik det språkpolitiske hovudmålet om å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg er formulert, er det statusperspektivet som er det grunnleggjande. Det er likevel ein gjennomgåande premiss i språkmeldinga at arbeidet med både korpussspørsmål og spørsmål som gjeld språkbrukarane sine interesser, både representerer mål som står på eigne bein, og som samstundes vil vera med å støtta opp under det overordna statusmålet. Også arbeidet med korpussspørsmål og språklege rettar inngår derfor som ein innebygd del av det overordna hovudmålet, i prinsippet også i arbeidet med dei språkpolitiske måla som spring ut av dei fire andre perspektiva som er omtalte under kap. 1.1.3 i meldinga.

1.2 Språkrådets språkpolitiske oppdrag

1.2.1 Rollefordeling mellom Språkrådet og departementet

Det er i språkmeldinga streka under at ein ny, heilskapleg språkpolitikk slik som skissert ovanfor byggjer på den føresetnaden at språkpolitikk skal etablerast som eit sektorovergripande politikkområde med kulturpolitisk forankring. Dette inneber at Kulturdepartementet skal ha eit overordna ansvar for å forma, tolka og fremja språkpolitiske mål, men at også dei andre departementa må ta språkpolitiske omsyn med i vurderinga når dei utformar og gjennomfører relevante delar av sin eigen sektorpolitikk, jf. kap. 1.1.1 og kap. 3.2.1.

Meldinga legg vidare til grunn at det overordna språkpolitiske ansvaret i regi av Kulturdepartementet skal utøvast i nær dialog med eit underliggjande fagleg-

administrativt organ som arbeider meir detaljert og konkret med språkpolitisk oppfølging. Det heiter at både det overordna språkpolitiske departementet og det underliggjande fagorganet innanfor staten må ha ein språkpolitisk koordinerings- og pådrivarfunksjon overfor dei andre departementa og deira underliggjande organ.

Det går vidare fram at rollefordelinga i hovudsak vil vera slik at departementet innanfor ramma ev retningslinjer frå Stortinget og regjeringa skal utforma og tolka språkpolitiske mål og verkemiddel, medan det underliggjande fagorganet skal ha eit meir operativt fagleg-administrativt gjennomføringsansvar, jf. kap. 3.2.2.

1.2.2 Det språkpolitiske hovudoppdraget

I samsvar med dette gir departementet Språkrådet i oppdrag for 2010 å gå aktivt inn i eit operativt, sektorovergripande språkstyrkingsarbeid og slik ta på seg ei initierande og koordinerande rolle i arbeidet med å følgja opp den nye, strategiske språkpolitikken som er skissert i språkmeldinga. Hovudmålet for dette arbeidet er å styrkja norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

Arbeidet med å gjennomføra dette hovudoppdraget må skje innanfor ramma av ei balansert totalprioritering slik at tradisjonelle forvaltnings- og rådgjevingsfunksjonar innanfor språkdyrking og språkrøkt ikkje blir skadelidne, og slik at Språkrådet også blir i stand til å ta eit nærmare definert ansvar også for andre språk i Noreg enn norsk og på den måten vareta eit meir heilskapleg språkpolitisk ansvars- og arbeidsområde, jf. nærmare omtale under Del I pkt. 1.3.1 ovanfor.

Utover dette må arbeidet i Språkrådet skje innanfor dei rammer og føringar som er fastsette i vedtektene.

1.2.3 Særskilde oppdrag og prioriteringar

Vi viser elles til konkrete oppgåver eller særskilde prioriteringar som måtte følgje av eigne oppdragsbrev eller liknande.

Det ligg føre eitt slikt oppdragsbrev som framleis står ved lag, jf. del I pkt. 1.3.2 ovanfor om oppfølging av målbruksmeldinga frå 2005.

Vi reknar med at departementet i arbeidet med å følgja opp språkmeldinga vil koma tilbake til meir konkrete tiltak der det går fram av meldinga at Språkrådet skal stå for gjennomføringa. Utgangspunktet er såleis at tiltaksformuleringar i meldinga som går ut på at departementet vil be Språkrådet gjennomføra ein bestemt aktivitet, ikkje er noko det er tenkt at Språkrådet skal setja i gang med før det eventuelt kjem nærmare beskjed om dette.

Der slike tiltak er i samsvar med aktivitetar Språkrådet alt er i gang med eller finn rom for å setja i gang som ledd i overordna aktivitetar, er det likevel ikkje nødvendig å venta på særskilt oppdragsbrev frå departementet. Aktiviteten må likevel ikkje få ei innretning i strid med føringar i språkmeldinga. Tvilsspørsmål kan takast opp med departementet.

1.2.4 Det språkpolitiske oppfølgingsregimet

Språkmeldinga skisserer i kap. 3.3 innhaldet i det som er kalla eit permanent språkpolitisk oppfølgingsregime. Dette har fire hovudelement, (1) språkpolitiske høyrings- og konsultasjonsordningar, (2) styrking av det språkpolitiske kunnskapsgrunnlaget, (3) ein årleg språkpolitisk tilstandsrapport og (4) ei språkpolitisk rapporteringsmelding til Stortinget éin gong i kvar valperiode.

Vi gir med dette Språkrådet i oppdrag å følgja opp punkt 2 og 3 ovanfor, idet vi legg til grunn at begge delar er noko Språkrådet alt er i gang med å førebu.

Punkt 2, den styrkinga av det språkpolitiske kunnskapsgrunnlaget som er omtalt under kap. 3.3.3 i språkmeldinga, vil nødvendigvis måtte gjennomførast som ein gradvis og kontinuerleg prosess. Vi ber om ein kort statusomtale i årsrapporten for 2010.

Punkt 3, den tilstandsrapporten som er omtalt under kap. 3.3.4 i språkmeldinga, inneber at det kvart år skal utarbeidast eit eige dokument som skal sendast departementet, og som vi også føreset at Språkrådet vil publisera på eigna måte.

Tilstandsrapporten bør ha eit innhald som så langt råd er korresponderer med innhaldet i årsrapporten, m.a. slik at ein unngår unødig dobbeltarbeid. Årsrapporten må likevel ha ei perspektiv som legg vekt på å drøfta resultatet av det arbeidet Språkrådet har gjennomført i rapporteringsåret, mens tilstandsrapporten må ha eit meir utoveretta perspektiv og gi eit bilete av språksituasjonen meir allment, der ein også gjer greie for språkpolitiske konsekvensar av utviklingstrekk i samfunnet og av politiske og administrative tiltak på ulike samfunnssektorar.

2. RESULTATMÅL

2.1 Innleiing

Det følgjer av det som er sagt ovanfor om innhaldet i språkpolitikken og Språkrådets språkpolitiske oppdrag, at arbeidet i Språkrådet skal forankrast i språkmeldinga, St.meld. nr. 35 (2007–2008), jf. også Innst. S. 184 (2008–2009). Språkrådet skal leggja til grunn dei vurderingar og mål som direkte eller indirekte kan utleiast av meldinga.

Det er ingen enkel og automatisk samanheng mellom dei produkt Språkrådet leverer, og dei slutteffektane som er dei eigentlege måla for verksemda. Dette har samanheng med at måla for Språkrådet gjeld effektar som dreier seg om ulike sider av samspelet mellom språk og samfunn.

Effektane er i stor grad avhengige av at Språkrådet kan påverka andre aktørar i samfunnet. Påverknadsarbeidet må også sjåast i samanheng med at dei språkpolitiske måla til dels kan stå i eit konkurranseforhold til andre samfunns mål, av og til også i direkte motsetnad til desse. Manglande framgang på eit nærmare definert felt er difor ikkje nødvendigvis eit uttrykk for at det språkpolitiske arbeidet ikkje har hatt effekt; det

å demma opp for eller bremsa ei negativ utvikling, må også godskrivas som ein positiv effekt.

Det at måla for Språkrådet må forfølgjast i eit komplekst samspel med andre samfunnsmål, gjer at effekten av det språkpolitiske påverknadsarbeidet ikkje så lett kan identifiserast og målast. Særleg er det grenser for i kva grad desse kan målast i form av kvantitative storleikar.

Konkretisering av meir operasjonelle resultatmål bør derfor skje gradvis, i takt med eit språkpolitisk utviklingsarbeid som ledd i oppfølginga av språkmeldinga.

2.2 Resultatområde

Resultatmåla Språkrådet skal arbeida i retning av, må dekkja alle dei sentrale temaa som er tekne opp i meldinga, likevel slik at det blir lagt vekt på strategiske prioriteringar, slik at ein ikkje til kvar tid arbeider like mykje med alt.

2.2.1 Språkstyrking

I det overordna språkstyrkingsarbeidet skal Språkrådet konsentrera seg om to breie sektorar, den eine høgare utdanning og forskning, den andre utvalde delar av nærings- og arbeidslivet, dessutan to grenseoverskridande arbeidsfelt, det eine spesialisert fagterminologi, det andre språkbasert teknologi.

På desse fire områda må derfor den meir detaljerte resultatrapporteringa dekkja alle dei sentrale problemstillingane som er behandla i det grunnleggjande *språkstyrkingskapitlet* i meldinga (kap. 7). Det gjeld altså på områda:

- terminologi og fagspråk – kap. 7.2
- høgare utdanning og forskning – kap. 7.3
- nærings- og arbeidslivet – kap. 7.4
- språk og teknologi – kap. 7.5

Språkrådet vurderer sjølv om det kan vera aktuelle tema for rapportering om resultat av språkstyrkingsarbeid innanfor

- den generelle delen av kapitlet – kap. 7.1
- kultur- og mediesektoren – kap. 7.6

Språkrådet vurderer også om det kan vera aktuelt å rapportera om resultat av språkstyrkingsarbeid innanfor sektorar som ikkje er direkte behandla i meldinga.

2.2.2 Språkdyrking

For det andre må resultatrapporteringa dekkja tema som er behandla i det generelle *språkdyrkingskapitlet* i meldinga (kap. 8):

- språkleg dokumentasjon (kap. 8.3)
- språknormering (kap. 8.4)
- språkrøkt (kap. 8.5)
- det offentlege språket (kap. 8.6)

Språkrådet vurderer sjølv om det kan vera aktuelle tema for resultatrapportering innanfor den meir generelle delen av kapitlet (kap. 8.1. og 8.2)

2.2.3 Nynorsk spesielt

For det tredje må resultatrapporteringa dekkja sentrale problemstillingar innanfor nynorskkapitlet i meldinga (kap. 9). Her må også resultat av det særskilde tilsynsarbeidet i regi av Språkrådet omtalast.

2.2.4 Nordisk språksamarbeid

For det fjerde må resultatrapporteringa dekkja sentrale problemstillinga som gjeld den nordiske språkfellesskapen og nordisk språksamarbeid generelt, jf. kap. 11 i språkmeldinga.

2.2.5 Minoritetsspråklege spørsmål

Språkrådet vurderer om det er aktuelle tema innanfor dette feltet som det kan vera aktuelt å rapportera om, jf. kap. 10 i språkmeldinga.

2.2.6 Språkopplæring og språklege rettar

Språkrådet vurderer om det er aktuelle tema innanfor dette feltet som det kan vera aktuelt å rapportera om, jf. m.a. kap. 5 og 6 i meldinga.

2.3 Generell rapport med overordna vurdering

Både årsrapporten for 2010 og den tilsvarende tilstandsrapporten skal innehalda ein generell del med ei overordna vurdering av situasjonen på bakgrunn av det som har skjedd i rapporteringsåret.

Vi minner her om at departementet i tildelingsbrev dei siste åra har bedt om at rapporteringa bør munna ut i ein overordna omtale av tilstanden for norsk språk generelt og den nynorsk målforma spesielt. Når det gjeld årsrapporten spesielt, viser vi til brev frå Språkrådet av 23. april 2009 med forslag til utvalde rapporteringstema i årsrapporten for 2009. Det opplegget som her er skissert under overskrifta *Overordna vurdering av resultat*, synest å vera ein god mal for utforming av den generelle delen av årsrapporten.

Når det spesielt gjeld årsrapporten, viser vi elles til Del III pkt. 3 nedanfor.

DEL III ØKONOMIFORVALTNING, RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL, RAPPORTERING

1. ØKONOMIFORVALTNING

Økonomiforvaltninga skal følgja økonomiregelverket for staten (*Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten*), fastsett 12. desember 2003 med seinare endringar.

Direktøren har ansvaret for at verksemda heile tida er i samsvar med løyvingreglementet og økonomiregelverket. Departementet vil streka under kor viktig det er å ha ei ryddig økonomiforvaltning for å kunna utføra dei faglege oppgåvene effektivt og formålstenleg. Det er også viktig at den interne økonomiinstruksen, omtale av rutinar og anna internt regelverk blir halde oppdatert i tråd med gjeldande, overordna regelverk.

Det må alt frå byrjinga av året førast kontinuerleg kontroll med forbruket ut frå dei erfaringane ein har frå tidlegare år med korleis forbruket normalt fordeler seg gjennom året. Institusjonen må setja av ein reserve under post 01 til å dekkja uventa utgifter.

Dersom det gjennom av året oppstår uventa utgifter, må desse dekkjast ved omdisponeringar innanfor den tildelte ramma. Departementet vil peika på den fridomen verksemdene har gjennom budsjettfullmaktene, jf. Vedlegg 1. Dersom institusjonen ikkje kan finna dekning for utgiftene ved å utnytta desse budsjettfullmaktene, må ein vurdere å redusere den planlagde aktiviteten.

Departementet vil be om en særskild rekneskapsrapport pr. 31. august 2010, der det i tillegg til forbruket pr. 31. august også skal opplysast om planlagt forbruk for resten av året. Det vil seinare bli sendt ut retningslinjer for utarbeiding av slik rapport.

2. STYRINGSdokument, RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Departementet minner om at leiinga skal utarbeida verksemdsplan eller verksemdstrategiar med eittårig og fleirårig perspektiv. Desse skal vera tilpassa arten av den verksemda institusjonen driv. Formålet er å sikra at mål og resultatkrav mv. blir følgde og gjennomførte innanfor tildelte ressursar, jf. pkt. 2.3 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

Direktøren har elles ansvar for å etablere internkontroll, mellom anna rutinar eller system for å vurdere risikoen for vesentleg styringssvikt. Leiar skal derfor sjå til at det blir gjennomført ein risikoanalyse for å identifisera risikofaktorar og for at det blir sett i verk tiltak for å redusere risikoen.

Direktøren skal vidare sjå til at den interne kontrollen er tilpassa den risiko ein står overfor, og kor vesentlege risikofaktorar det er tale om, dessutan at kontrollen fungerer på ein tilfredsstillande måte og at den kan dokumenterast, jf. *Bestemmelser om statlig økonomistyring i staten*, pkt. 2.4.

Risikovurderinga skal i utgangspunktet knytast til det overordna språkpolitiske målet, jf. også dei utfyllande måla som går fram av dette tildelingsbrevet. På bakgrunn av det særpreg det språkpolitiske arbeidet har, jf. nærmare omtale under Del II pkt. 2.1 ovanfor, finn departementet det formålstenleg at Språkrådet byggjer vidare på det skiljet mellom indre og ytre risikofaktorar som er omtalt i årsrapporten for 2008, jf. også omtale i budsjettproposisjonen for 2010, s. 130.

Språkrådet skal i årsrapporten for 2010 kort gjera greie for dei viktigaste risikoane og kva som eventuelt er gjort for å redusera dei, jf. Vedlegg 2 Krav til årsrapporten for 2010. Risikovurderingar kan også bli teke opp i styringsdialogen. Det kan bli aktuelt å be om dokumentasjon av gjennomførte risikiovurderingar i samband med styringsdialogmøte eller som ledd i anna rapportering til departementet.

Departementet føreset at Språkrådet følgjer opp det nye regelverket for offentlege anskaffingar, jf. særskilt rundskriv V-13/2008B. Ein skal òg ha etablert system for å førebyggja og avdekkja misleg framferd, dessutan rutinar for å behandla eventuelle tilfelle av slikt i medhald av gjeldande regelverk. det må også arbeidast med å styrkja og utvikla det etiske medvitet i tråd med dei etiske retningslinjene for statstenesta, jf. PM 16/2005.

3. ÅRSRAPPORT FOR 2009

I tråd med økonomiregelverket for staten skal Språkrådet ved utgangen av kvart budsjettår utarbeida ein eigen årsrapport, jf. pkt. 1.5.1 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

Årsrapporten for 2010 skal utarbeidast som **eige dokument** og sendast Kulturdepartementet innan midten av februar 2011. Nøyaktig dato vil bli gitt hausten 2010 i det årlege rundskrivet frå departementet om innrapportering til den sentrale statsrekneskapen.

Årsrapporten skal sendast vidare frå departementet til Riksrevisjonen. Årsrapporten må derfor sendast både på papir og elektronisk til adressa "postmottak@kud.dep.no". Krav til årsrapporteringa går fram av vedlegg 2. Dei generelle krava må justerast i tråd med

dei nærmare tilpasningane som det er gjort greie for i dette tildelingsbrevet.

Med helsing

Stein Sægrov e.f.
avdelingsdirektør

Ingvar Engen
seniorrådgjevar

2 vedlegg

Kopi: Riksrevisjonen
 Senter for statleg økonomistyring, avdeling Tromsø

BUDSJETTFULLMAKTER FOR 2010

Sentrale bestemmelser om budsjettering, budsjett disponering og økonomiforvaltning i statlige virksomheter er samlet i Finansdepartementets "Veileder i statlig budsjettarbeid" som er tilgjengelig elektronisk på Finansdepartementets hjemmesider. Fullmakter i henhold til bevilgningsreglementet er omtalt i Finansdepartementets rundskriv R-110/2005 av 05.12.2005, jf. Kulturdepartementets brev av 12.12.2005 om ovennevnte.

For 2010 gjelder følgende budsjettfullmakter for virksomhetene under Kulturdepartementet:

1. Overskridelse av driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Virksomhetene kan overskride driftsbevilgningene mot tilsvarende merinntekter slik det framgår av oversikten nedenfor, *jf. St. prp.nr. 1 (2009-2010)*:

1. overskride bevilgningen under:	mot tilsvarende merinntekter under:
kap. 300, post 01	kap. 3300, post 01
kap. 305, post 01	kap. 3305, post 03
kap. 305, post 21	kap. 3305, post 07
kap. 320, post 01	kap. 3320, postene 01 og 03
kap. 322, post 01	kap. 3322, post 01
kap. 323, post 01	kap. 3323, post 01
kap. 324, post 01	kap. 3324, post 01
kap. 325, post 01	kap. 3325, post 01
post 21	post 02
kap. 326, post 01	kap. 3326, post 01
post 21	post 02
kap. 329, post 01	kap. 3329, post 01
post 21	post 02
kap. 334, post 01	kap. 3334, post 01
post 21	post 02
kap. 340, post 01	kap. 3340, post 01
post 21	post 02
kap. 341, post 01	kap. 3341, post 01
post 21	post 02
kap. 342, post 01	kap. 3342, postene 01 og 04
2. overskride bevilgningen under kap. 324 Scenekunstformål, post 21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , med et beløp som tilsvarer alle merinntektene på kap. 3324, post 02 Billett- og salgsinntekter. Ubrukte merinntekter kan regnes med ved utregning av overførbart beløp på posten.	

Dersom inntektene under de inntektspostene som er omtalt i pkt. 1 ovenfor blir mindre enn budsjettert, innebærer dette at rammen under de aktuelle utgiftspostene må reduseres tilsvarende mindreinntekten.

Med unntak av kap. 3324, post 21, jf. pkt 2 ovenfor, kan bevilgningene under post 21 bare benyttes i den grad det kan skaffes oppdragsinntekter.

2. Nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Virksomhetene kan benytte nettobudsjettering under post 01 Driftsutgifter ved utskifting av utstyr. Adgangen til å nettoføre inntekter ved utskifting av utstyr er begrenset til inntil 5 pst. av bevilgningen under post 01.

3. Omdisponering mellom poster på budsjettet for statlige virksomheter

Virksomhetene kan gis adgang til å omdisponere inntil 5 pst. av bevilgningen under post 01 Driftsutgifter til investeringer under post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, *kan overføres*. Slik omdisponering av midler skal godkjennes av departementet i hvert enkelt tilfelle. Før omdisponering kan foretas må derfor virksomhetene sende søknad om slik omdisponering til Kulturdepartementet.

4. Overskridelse mot innsparing i senere budsjett-termin

Virksomhetene kan gis adgang til å overskride driftsbevilgningen under post 01 Driftsutgifter med inntil 5 pst. til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i løpet av de tre påløpende budsjett-terminene. Slik overskridelse skal godkjennes av departementet i hvert enkelt tilfelle. Før overskridelse kan foretas må derfor virksomhetene sende søknad om slik overskridelse til Kulturdepartementet.

5. Inngåelse av leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester

Virksomhetene kan inngå leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester utover budsjettåret når avtalene gjelder virksomhetens ordinære drift og utgiftene kan dekkes innenfor et uendret bevilgningsnivå i avtaleperioden.

6. Overføring av budsjettmidler mellom statlige virksomheter

Overføring av budsjettmidler fra en virksomhet til en annen virksomhet kan skje ved at det overføres midler til mottakende virksomhets konto, eller ved at mottakende virksomhet får belastningsfullmakt, jf. Finansdepartementets rundskriv R-111/07 av 28.11.2007. Dersom det benyttes fullmakt, skal fullmakten alltid gis til virksomheten, og ikke til en eller flere personer.

Kopi av fullmakten sendes Kulturdepartementet v/Administrasjons- og økonomiavdelingen.

7. Overføring av ubrukt driftsbevilgning fra ett år til neste

Overføring av ubrukt driftsbevilgning (postene 01 og 21) fra ett år til neste skal godkjennes av Finansdepartementet. Virksomhetene sender eventuell søknad om

overføring av ubrukt driftsbevilgning til Kulturdepartementet i samsvar med de frister som blir fastsatt senere i eget rundskriv til virksomhetene om statsregnskapet for 2010.

8. Tilsetting av personale i statlige virksomheter

Jf. Statens personalhåndbok

Myndigheten til å tilsette virksomhetsleder ligger i Kulturdepartementet. For øvrige stillinger er tilsettingsmyndigheten lagt til virksomhetene (tilsettingsråd/styrer).

Unntatt fra dette er likevel virksomheter uten styre/tilsettingsråd. For disse virksomhetene ligger tilsettingsmyndigheten i Kulturdepartementet.

9. Opprettelse og inndragning av stillinger

Den enkelte virksomhet kan selv opprette og inndra stillinger på bestemte vilkår.

9.1 Opprettelse av stillinger

Det kan opprettes stillinger under forutsetning av at:

- virksomheten har budsjettmessig dekning for de lønns- og driftskostnader som tilsettingen medfører innenfor den tildelte budsjettrammen under post 01
- virksomheten kan dekke de lønns- og driftskostnader som tilsettingen medfører innenfor en realistisk forventning om hva driftsbudsjettet vil bli i de påfølgende år
- tilsettingen er i tråd med de føringer/forutsetninger for øvrig som er omtalt i dette tildelingsbrevet
- tilsettingen ligger innenfor rammene av tjenestemannsloven
- det kun nyttes stillingskoder fra gjennomgående lønnsplaner eller egne etatsplaner
- lønsplassering av stillingen behandles i samsvar med hovedtariffavtalens bestemmelser, jf. særlig hovedtariffavtalens pkt. 2.3.8 om kunngjøring av stilling.

9.2 Omgjøring av besatte stillinger

Jf. Statens personalhåndbok

Opphevelsen av Bevilgningsreglementets § 10 medfører ingen endringer i hovedtariffavtalens bestemmelser om omgjøring av besatte stillinger (også lederstillinger). Dette skjer som tidligere i årlige sentrale og lokale forhandlinger.

9.3 Inndragning av besatte stillinger

Forutsetningen for å kunne inndra en besatt stilling er at arbeidet faller bort. Vedtak om å inndra en besatt stilling må treffes skriftlig og skal inneholde:

- beskrivelse av stillingens arbeidsoppgaver og status (fast/midlertidig)
- begrunnelse for inndragningen - tas med både i oppsigelsesvedtaket og i underretningen til den tjenestemann som sies opp
- Kulturdepartementet skal orienteres om vedtaket.

Det vises ellers til pkt. 3 i Planleggings- og samordningsdepartementets PM 20/97 av 29. september 1997, samt reglene i tjenestemannsloven og Hovedavtalen.

9.4 Omplussering av stillinger

Bispedømmerådene har fullmakt til å omplassere stillinger innen bispedømmet ved ledighet. Det må imidlertid innhentes uttalelse fra de instanser som berøres av vedtaket, jf. kirkelovens § 11, og gjennomføres drøftinger med vedkommende tjenestemannsorganisasjon, jf. Hovedavtalens § 12.

Dersom omplassering av en stilling får konsekvenser for den framtidige disponeringen av en prestebolig tilhørende Opplysningsvesenets fond, må saken på forhånd avklares med fondet.

9.5 Fullmakter

Opprettelse av lederstillinger på kontorsjefnivå eller høyere, jf. lønnsplanene 90.100, 90.103, 90.303 og 09.840, og opprettelse av stillinger som forsker, prosjektleder eller utredningsleder, jf. lønnsplanene 90.400, 90.510 og 90.520, skal forelegges Kulturdepartementet.

Virksomheter som er egne forhandlingssteder etter Hovedtariffavtalen i staten

Opprettelse av stillinger som avdelingsdirektør eller høyere skal forelegges Kulturdepartementet.

10. Lønnsfastsetting av stillinger

Kulturdepartementet fastsetter lønn for de stillinger der tilsettingsmyndigheten er lagt til Kulturdepartementet.

For øvrige stillinger er lønnsfastsettingen lagt til den enkelte virksomhet, jf. hovedtariffavtalens pkt. 2.3.8.

KRAV TIL ÅRSRAPPORT FOR 2010

Årsrapporten for 2010 skal utarbeides med utgangspunkt i de krav som er stilt i det foreløpige/endelige tildelingsbrevet. Årsrapporten skal inneholde:

- regnskap for 2010
- forklaring av avvik i regnskapstallene i forhold til tildelt budsjettramme for 2010
- redegjørelse for måloppnåelse og for utviklingen i forhold til de strategier, hovedprioriteringer og eventuelle satsingsområder som er omtalt i det foreløpige/endelige tildelingsbrevet
- redegjørelse for oppnådde resultater i forhold til de resultatmål som er omtalt i det foreløpige/endelige tildelingsbrevet
- redegjørelse for forvaltningen av midler under tilskuddsordninger dersom virksomheten forvalter slike ordninger
- redegjørelse for forvaltningen av midler til tilskudd som ikke inngår i tilskuddsordninger (enkeltilskudd) dersom virksomheten forvalter slike midler
- oversikt over uerholdelige fordringer og avskrivninger av krav
- redegjørelse om iverksetting av etiske retningslinjer for statstjenesten
- redegjørelse for gjennomført risikoanalyse med omtale av hva som er gjort for å redusere risikoen på de viktigste risikoområdene, herunder eventuelle områder som departementet har påpekt i tildelingsbrevet
- redegjørelse om integrering/inkludering av personer med innvandrebakgrunn
- redegjørelse om likestilling
- redegjørelse for oppfølgingen av arbeidet med kulturelt mangfold der dette er aktuelt
- redegjørelse om systematiske brukerundersøkelser (*gjelder virksomheter som har publikumsrettede tjenester*)
- redegjørelse om utarbeiding av varslingsrutiner
- redegjørelse om oppfølging av statens IKT-arkitektur
- redegjørelse for virksomhetens miljøarbeid, herunder oppfølging av handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser.

1. Årsregnskap

Regnskapstallene skal som tidligere presenteres i henhold til gjeldende kontoplan for statsregnskapet og omfatte virksomhetens samtlige utgifter og inntekter. Nærmere orientering om rapportering til statsregnskapet for 2010 vil bli gitt høsten 2010 i departementets årlige rundskriv om innrapportering til det sentrale statsregnskapet.

Forklaring av avvik i regnskapstallene i forhold til tildelt budsjettramme må presenteres med tanke på at departementet skal benytte materialet i sine forklaringer til statsregnskapet overfor Riksrevisjonen. Regnskap tall og forklaringer må omfatte samtlige budsjettmidler som virksomheten har fått stilt til disposisjon i løpet av året.

2. Resultatrapport

Kulturdepartementet skal rapportere til Stortinget om oppnådde resultater i 2010 gjennom budsjettproposisjonen for 2012. Virksomhetenes resultatrapportering for 2010 vil danne grunnlag for denne rapporteringen. Resultatrapporteringen er også et viktig grunnlag for departementets formulering av mål- og resultatkrav for kommende år. Virksomhetene må derfor legge vekt på å framskaffe og presentere data for oppnådde resultater i forhold til de mål som er trukket opp i det foreløpige/endelige tildelingsbrevet for 2010.

De statlige virksomhetene varierer etter størrelse, formål, funksjon og egenart. Pkt. a.- c. nedenfor vil derfor i ulik grad komme til anvendelse, avhengig av den aktuelle virksomheten.

Virksomhetens rapport for 2010 skal inneholde:

- a. Kortfattet omtale av virksomhetens samlede aktivitet i 2010 med vekt på omtale av oppnådde resultater i forhold til de strategier, hovedprioriteringer og satsingsområder som er trukket opp i det foreløpige/endelige tildelingsbrevet for 2010.
- b. Omtale av virksomhetens oppnådde resultater i 2010 i forhold til de resultatmål som er trukket opp i det foreløpige/endelige tildelingsbrevet for 2010. Omtalen må utarbeides med utgangspunkt i de tilhørende resultatindikatorer. Det må også gis en kortfattet omtale av de konkrete tiltak som virksomheten har iverksatt i 2010 for å nå de fastsatte resultatmålene for 2010. Omtalen begrenses til tiltak som er sentrale for mål- og resultatoppnåelsen.
- c. Omtale av aktiviteter i 2010 som det er knyttet spesielle forutsetninger til når det gjelder disponeringen av budsjetttrammen, jf. budsjettproposisjonen og det foreløpige/endelige tildelingsbrevet for 2010.

Omtalen må innholde både tekstomtale og tabelloversikter som dokumenterer de resultater som virksomheten har oppnådd. Det må benyttes tallmateriale som i størst mulig grad sier noe om virksomhetens ressursutnyttelse. Tabelloversikter utarbeides med sammenlignbare tall for 2009 og 2010 med tilhørende plantall for 2011.

Tiltakene som er gjennomført, men som ikke har gitt de forutsatte resultater, må også omtales. For slike tiltak må det gis opplysning om hvorfor målet ikke er nådd, hvilke ressurser/tiltak som må settes inn i 2011 og/eller senere for at målet skal nås.

Dersom det er avvik mellom regnskap og bevilgning, må dette kommenteres nærmere.

3. Likestilling

Offentlige myndigheter er i henhold til likestillingslovens § 1a pålagt å arbeide aktivt for å fremme likestilling, samt å redegjøre for arbeid og status på dette området. Virksomheten må derfor redegjøre for arbeidet med likestilling og status for dette arbeidet i 2010. Redegjørelsen må bl.a. inneholde følgende oversikt:

	Totalt		Lederstillinger		Øvrige stillinger	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling - alle ansatte (<i>i pst.</i>)						
Kjønnsfordeling - heltidsansatte (<i>i pst.</i>)						
Kjønnsfordeling - deltidsansatte (<i>i pst.</i>)						
Gjennomsnittslønn (<i>i 1 000 kr</i>) 1)						

1) beregnet med utgangspunkt i faktisk utbetalt lønn

4. Systematiske brukerundersøkelser

Statlige virksomheter med ansvar for publikumsrettede tjenester skal videreutvikle tjenestene bl.a. med sikte på bedre kvalitet, utforming, tilgjengelighet og brukermedvirkning. For å måle resultatene av dette arbeidet skal aktuelle virksomheter skal gjennomføre systematiske brukerundersøkelser. Aktuelle virksomheter må rapportere om oppfølging og resultater av ovennevnte arbeid i årsrapporten for 2010.

5. IKT-arkitektur

Aktuelle virksomheter må redegjøre for oppfølgingen av følgende:

- statlige virksomheter skal legge sju felles "arkitekturprinsipp" til grunn for utvikling av nye IKT-løsninger. Prinsippene gjelder både ved utvikling av nye IKT-systemer og ved vesentlig endring av eksisterende systemer. Nærmere omtale av prinsippene finnes på hjemmesiden til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), som forvalter prinsippene
- statlige virksomheter skal ta i bruk felles eID når det legges nye e-tjenester ut på nett. Videre skal felles elektronisk signatur tas i bruk når dette foreligger (fra 2010). Det legges også opp til at egne eID-løsninger som virksomhetene bruker på eksisterende tjenester, skal fases ut og erstattes av den felles infrastrukturen som er utviklet av Difi. Virksomheter som fremdeles ønsker å bruke egne eID-løsninger, må begrunne dette
- statlige virksomheter skal bruke Altinn når virksomheten utvikler og gjør elektroniske tjenester tilgjengelige. I de tilfeller virksomheter velger å ikke bruke Altinn til tjenester rettet mot næringsliv og publikum må dette begrunnes.

6. Miljøarbeid

Regjeringens Handlingsplan 2007-2010 T-167B Miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser stiller bl.a. konkrete krav til statlige innkjøp og videreføring av miljøledelse (tidligere Grønn stat). I virksomhetens rapport om miljøarbeidet i årsrapporten for 2010 må det bl.a. det gis en kort omtale:

- av hvordan handlingsplanen er fulgt opp i virksomheten, og

- om arbeidet med videreføring av miljøledelse.

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Deres ref

Vår ref
2009/00934 KV IE

Dato
29.03.2010

Statsbudsjettet 2010 – endring i tildelt budsjettramme for Språkrådet

Kulturredetementet har mottatt oppgave over ubrukte beløp i 2009 som Finansdepartementet har godkjent overført til 2010.

På denne bakgrunn meddeles følgende endrede budsjettrammer for 2010:

Kap. 326

Post 01 Driftsutgifter

Ramme meddelt i tildelingsbrev av 11.02.2010	kr	27 576 000
Overføring av ubrukt bevilgning fra 2009	kr	199 000
Ny ramme for 2010	kr	27 775 000

Med hilsen

Stein Sægrov e.f.
avdelingsdirektør

Ingvar Engen
seniorrådgiver

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Deres ref

Vår ref
2009/00934 KV IE:amb

Dato
30.11.2010

STATSBUDSJETTET 2010 – SPRÅKRÅDET: FASTSETTELSE AV ENDELIGE BUDSJETTRAMMER - REGNSKAPSRAPPORTERING PR. 31. AUGUST 2010

A. Fastsettelse av endelig budsjettramme

Kulturdepartementet har fått økt budsjettrammen til dekning av merutgifter ved lønnsoppgjøret i 2010. Det tildelte beløpet skal dekke merutgifter ved lønnsoppgjøret i 2010. Dersom beløpet ikke dekker de samlede lønnsmerutgiftene ved lønnsoppgjøret i 2010 fullt ut, må virksomheten selv finne dekning for de resterende lønnsmerutgiftene innenfor det driftsbudsjettet som virksomheten disponerer i 2010 under post 01.

Det er ellers avtalt at Språkrådet skal dekke deler av utgiftene til direktørutlysningen i 2010.

På bakgrunn av ovennevnte er endelig budsjettramme for 2010 for Språkrådet fastsatt slik:

Kap. 326

post 01 Driftsutgifter

Ramme meddelt i brev av 29. mars 2010	kr	27 775 000
Kompensasjon for lønnsmerutgifter	kr	661 000
Utgifter til direktørutlysning	kr	- 167 000
Endelig tildeling for 2010	kr	28 269 000

B. Regnskapsrapportering pr. 31. august 2010 – forventede disponible budsjettrammer

Departementet viser til regnskapsrapporten pr. 31. august 2010 fra Språkrådet og

tildeling av kompensasjon for lønnsmerutgifter, jf. punkt A. Ut fra dette kan det foretas slik oppstilling:

Post 01 Driftsutgifter

Endelig tildeling for 2010 (jf. oppstilling ovenfor)	kr	28 269 000
Forventede merinntekter og refusjoner ifølge virksomhetens rapportering pr. 31.08.10	kr	0
Forventet disponibel budsjettramme for 2010	kr	28 269 000

Post 21 Spesielle driftsutgifter/oppdrag

Ramme meddelt i brev av 29. mars 2010	kr	915 000
Forventet mer-/mindreinntekt under inntektskapitlets post 02	kr	0
Forventet disponibel ramme	kr	915 000

I den forventede disponible budsjettrammen for 2010 under utgiftspostene 01 og 21 er det tatt hensyn til de forventede inntektene i 2010 som virksomheten har innrapportert pr. 31. august 2010 under inntektspostene 01, 02 og 15-18. Språkrådet må justere den disponible budsjettrammen for 2010 dersom inntektene endrer seg under ovennevnte inntektsposter i forhold til de innrapporterte inntektene.

Departementet minner for øvrig om tildelingsbrevet for 2010 der virksomhetens ansvar for å etterleve bevilgningsreglementet og økonomiregelverket samt å overholde de tildelte budsjettrammene understrekes.

Med hilsen

Kristin Solbjør e.f.
underdirektør

Ingvar Engen
seniorrådgiver

Elektronisk gjenpart: Riksrevisjonen
Senter for statlig økonomistyring, Tromsø regionkontor